



Stord Kommune

## Forvaltningsplan for Hystad naturreservat

**Verneverdiar, bevaringsmål og forvaltningstiltak**



## 1. Forord

Hystadskogen er den største kjende svartolder- strandskogen på kysten av Vestlandet. Sjølv om skogen på Hystad er ung, er området unikt for regionen og har eit rikt mangfald.

Hystadmarka er både verneområde og statleg sikra friluftsområde, noko som gjev både utfordringar og muligheitar. Balansegangen med å ivareta det særskilde naturmangfaldet, og å gje befolkinga muligkeit for flotte naturopplevelsar er viktig. I forvaltningsplanen er det m.a. forsøkt å fokusere på desse utfordringane.

Stord kommune har lokal forvaltning for sine verneområde, og oppgåva som forvaltningsmynde ligg til kommunen. Hystad naturreservat er fyrste verneområde på Stord som kommunen sjølv har utarbeidd forvaltningsplan for.

Anders Lundberg, professor i geografi ved universitetet i Bergen, har gjennom mange år drive feltarbeid og forsking i Hystadmarka. Mellom anna har han analysert fastruter årleg sia 1988, noko som gjev ein lang og verdifull måleserie for vegetasjonsutviklinga i området. Lundberg gav i 2005 ut boka "Landskap, vegetasjon og menneske gjennom 400 år – naturbruk, arealbruk, slitasje og skog i Hystadmarkjo, Stord". Boka inneheld mykje god informasjon om Hystadmarka og utviklinga av området, og forvaltningsplanen bygger i stor grad på informasjon frå denne boka.

Arbeidet med forvaltningsplanen har skjedd i nært samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling. Me ynskjer å takke alle som har bidratt til utarbeiding av planen. Takk til professor Anders Lundberg ved Universitetet i Bergen for informasjon og innspel til planen. Takk til Oddvin Øvernes ved Friluftsrådet Vest og Atle Jensen ved Hordaland Fylkeskommune for kommentarar undervegs og for godt samarbeid.

Planen er utarbeidd av Ingunn Varanes ved Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor, på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland, med midlar løyvd frå Direktoratet for naturforvaltning.

Stord, 26.04.2011

## **2. Innhold**

3.	Innleiing .....	4
3.1.	Bakgrunn for vern .....	4
3.2.	Forvaltningsplanen .....	4
3.3.	Lokal forvaltning .....	4
3.4.	Planprosessen .....	5
4.	Skildring og status .....	6
4.1.	Lokalisering .....	6
4.2.	Naturtypar .....	6
4.3.	Områda kring reservatet .....	8
5.	Utfordringar og brukarinteresser .....	10
5.1.	Vegetasjonsutvikling .....	10
5.2.	Ferdsle og friluftsliv .....	10
5.3.	Framande artar .....	12
5.4.	Kulturminne .....	12
6.	Mål for Hystad naturreservat .....	14
6.1.	Verneføremål .....	14
6.2.	Naturkvalitetar .....	14
6.3.	Forvaltningsmål .....	14
6.4.	Bevaringsmål .....	16
6.5.	Forvaltning av randområda .....	16
7.	Forvaltningsoppgåver og tiltak .....	18
7.1.	Skjøtsel .....	18
7.2.	Ferdsle og slitasje .....	18
7.3.	Grensejustering .....	19
7.4.	Kulturminne .....	19
7.5.	Overvaking og tilsyn .....	19
8.	Sakshandsaming .....	20
8.1.	Vernereglar .....	20
8.2.	Søknadsprosedyrar .....	20
9.	Litteratur .....	21
10.	Vedlegg .....	23

## 3. Innleiing

### 3.1. Bakgrunn for vern



Hystad naturreservat vart verna ved kongeleg resolusjon 23. november 1984. Svartorskogen i Hystadmarka er i Utkast til verneplan for edellauskog i Hordaland fylke (Fylkesmannen i Hordaland 1980) omtala som den største svartolder-strandskogen ein kjener til på kysten av Vestlandet.

I forskrift om vern for Hystad naturreservat pkt III står følgjande verneføremål: "Føremålet med fredinga er å ta vare på ein usedvanleg godt utvikla, stor, variert svartolder-sumpskog med stor verdi for undervisning og forskning."

Området er omfatta av reguleringsplan for Aslaksvikjo – Melkevikjo. Planen vart utarbeidd parallelt med vernearbeidet, og er stadfesta av Miljøverndepartementet 22.07.1985. Området er regulert til spesialområde – område for verneverdig svartorskog.

### 3.2. Forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen er utarbeida med utgangspunkt i dei rammene som verneforskrifta gjev, og dei føringane som ligg i utkast til verneplan. Ein sentral del av forvaltningsstyremaktene si oppgåve er å forvalte naturreservatet i tråd med føremålet for vernet. Forvaltningsplanen vil bidra til å sikre ei meir heilskapleg og langsiktig forvaltning av området. God kjennskap til aktuelle trugsmål, tilstanden i reservatet og tydeleg definerte mål for forvaltning og skjøtsel er viktig for å sikre ei hensiktmessig forvaltning.

### 3.3. Lokal forvaltning

Stord kommune har som einaste kommune i Hordaland lokal forvaltning av verneområda. Det vil sei at kommunen sit sjølv med ansvar for skjøtsel og forvaltning av verneområda, innafor rammene som verneforskriftene og



dei til ei kvar til gjeldande statlege føringer gjev.

### **3.4. Planprosessen**

Det vart kunngjort melding om oppstart av forvaltningsplan 16.07.2010, det vart samtidig oppmoda til innspel til utarbeiding av planen. Det har vore gjennomført fleire synfaringar, m.a. saman med representantar frå Fylkesmannen i Hordaland og Friluftsrådet Vest. Omsyn til friluftsinteressene er drøfta med leiari i Friluftsrådet, tilhøve knytt til freda kulturminne er diskutert med representant frå kultur- og idrettsavdelinga hjå Hordaland Fylkeskommune. På bagrunn av at kommunen og staten eig så nær som alt areal innafor verneområdet, er det ikkje gjennomført særskild møte med grunneigarane.

Utkast til forvaltningsplan vart send på høyring 02.05.2011, med frist for høyringsinnspele 13.06.2011.

## 4. Skildring og status

### 4.1. Lokalisering

Hystad naturreservat ligg på den søraustre sida av Stordøya, om lag 2 km nord for Leirvik sentrum, i Stord kommune. Reservatet grensar til sjø, landbruksareal, bustadfelt og båthamn.



Utsikt mot Hystad fra Stovegolvet (703 moh)

Reservatet strekk seg frå havnivå opp til 52 meter over havet. Klimaet i området er mildt og humid, og gjev gode vilkår for planter som svartor som krev mykje vatn. Ved målestasjonen på Leirvik er middeltemperatur for året (perioden 1961 – 1990) målt til 7,2 °C. Varmaste månaden er august med 13,8°C, medan februar er kaldast med middeltemperatur på 1,0 °C. Årsnedbøren for Leirvik ligg på om lag 1970 mm (1961 – 1990). Mai er tørraste månaden, med 91 mm, medan september vanlegvis er våtast med middelverdi på 239 mm (met.no).

I Hystadområdet kan ein finne ei rekke ulike bergartar. Den austlege delen av naturreservatet er det glimmergneis som dominar, førekomensten er ein del av "Husneskomplekset" som ein finn att på andre sida av Halsnøyfjorden. I vest finn me kalkspatførande metasandstein. Nokre stadar, som ytst på Russekubben og noko lenger sør, finn ein òg felt av kalkspatmarmor (Færseth og Solli 1982).

### 4.2. Naturtypar

Som verneføremålet tilseier er svartor dominerande i Hystad naturreservat, denne finn me i naturtypane svartorsumpskog og svartor – askeskog. Området inneheld også større og mindre innslag av andre naturtypar.

#### Svartorsumpskog

Denne naturtypen er den største i Hystadmarkjo, og dekkjar størsteparten av verneområdet. Ein finn naturtypen på dei lågareliggjande områda med høg grunnvasstand. I tillegg til svartor (*Alnus glutinosa*) finn ein innslag av hegg (*Prunus padus*), kristtorn (*Ilex aquifolium*) og vivendel (*Lonicera periclymenum*). I feltsjiktet finn ein godt med kvitveis (*Anemone nemorosa*), samt artar som mannasøtgras (*Glyceria fluitans*), geittelg (*Dryopteris dilatata*) og fleire mosar (Lundberg 2005).

Naturtypen tilsvrar rik sumpskog i DN handbok 13 (2007) og vegetasjonstype svartor- strandskog etter Fremstad (1997) sitt system for inndeling av vegetasjonstypar.

#### Svartor – askeskog

Skogtypen finn me i lia nedafor Varhaug, samt eit mindre område sør for Straumen. Skogen har eit tett tresjikt av ask (*Fraxinus excelsior*), med innslag av m.a. svartor. I feltsjiktet dominerer ramslauk (*Allium ursinum*) saman med skogbingel (*Mercurialis perennis*), kusymre (*Primula vulgaris*), bregnar og kravfulle mosar. Her er enno spor etter tidlegare styving av asketre i skogen (Lundberg 2005). Dette tilsvrar naturtype rik edellauvskog etter DN handbok 13 (2007) og vegetasjonstype or-askeskog etter Fremstad (1997).

#### Barskog og lyngmark



Barskog

I utkanten av verneområdet, både i sør og mot sjøen i aust, finn me furuskog og opnare områder med lyngmark. Furu (*Pinus sylvestris*) finn me på dei høgareliggjande og tørrare partia, der det er for tørt for svartor. I feltsjiktet veks mykje blåbærlyng (*Vaccinium myrtillus*) og røsslyng (*Calluna vulgaris*), samt urter som skogstjerne (*Trientalis europaea*) og marimjelle (*Melanpyrum sp.*). Me finn òg furuskog blanda med lauvtre, der m.a. bjørnebær (*Rubus sp.*) og kristtorn førekjem. I lyngmarka er tresjiktet

fråverande, med unnatak av eit og anna tre av furu, ask og rogn (*Sorbus aucuparia*). Einer (*Juniperus communis*) kan imidlertid opptre i tette bestandar. I tillegg finn me røsslyng, blåbærlyng og einstape (*Pteridum aquilinum*) (Lundberg 2005). Områda er hovudsakleg kystfuruskog etter DN- handbok 13 (2007), med forskjellige variantar av ulike vegetasjonstypar.

## Straumen- strandsump



Straumen

Straumen er ein grunn brakkvasspoll som ligg heilt sør i reservatet. Denne får tilført saltvatn ved flo sjø. Vanlegvis får pollen tilført saltvatn frå Valevågen i sør, som ligg utafor reservatet, men ved springflo hender det at vatn også kjem inn frå Apalvikjo i aust (Lundberg 2005).

Vegetasjonen kring straumen er sett saman av saltvass-, brakkvass- og ferskvassartar. Området frå Valevågen sør for reservatet, via Straumen og nord frå Apalvikjo til Tyneset vert i DN rapport

1992-2 omtala som det største

samanhengande strandsumpområdet i Hordaland. Store delar av Straumen er overgrodd av havsivaks (*Bolboschoenus maritimus*). Rustsivaks (*Blysmopsis rufa*), samt noko havstarr (*Carex paleacea*) og mjødurt (*Filipendula ulmaria*) veks mellom havsivakset og svartorskogen rundt (Lundberg, 1992). Naturtypen er strandsump etter DN- handbok 13 (2007), med vegetasjonstype brakkvassump etter Fremstad (1997).

I tillegg til strandsump finn me strandeng, med m.a. ålegras (*Zostera sp.*), i vikene utafor verneområdet (Lundberg, 2010).

## 4.3. Områda kring reservatet


### Hystadmarkjo friluftsområde

Hystadmarkjo friluftsområde omfattar eit noko større areal enn Hystad naturreservat. Området strekk seg frå industriområdet i sør til båthamna i nord, og omfattar også nesa utafor reservatgrensa (sjå kart, vedlegg 3). Friluftsområdet er statleg sikra og tilrettelagd av Friluftsrådet vest.

Båthamna i nord er driven av Rommetveit båtlag. I sør ligg industriområde der Apply Leirvik (tidlegare Leirvik sveis) er lokalisert. Vel 114 000 m<sup>2</sup> er avsett til industriområde i kommuneplanen.

### Dvergålegras

Dvergålegras (*Zostera noltei*) har vokse i Mjelkevikjo, ei vik som ligg like utafor dagens grensa for Hystad naturreservat, og i Sævarhaugsvikjo som ligg noko nord for reservatet. Arten vart sist funne på lokalitetane i høvesvis 2007 og 2009. Dvergålegras vert rekna som ein sterkt truga art, og naturtypen som arten inngår i vert rekna som akutt truga (Lundberg, 2010). Arten er etter norsk raudliste klassifisert som EN – sterkt truga (Kålås m.fl. 2010).



Venstre: Dvergålegras. Høgre: Tiltak for bevaring av dvergålegraset i Mjelkevikjo.

Det vart i 2010 utarbeidd handlingsplan for dvergålegras, der målet er å sikre den framtidige eksistensen av arten i Noreg. Sjølv om dvergålegraset ikkje er ein del av verneføremålet i Hystad er det viktig å også ta omsyn til arten ved forvaltning av reservatet. I Hordaland finnes det fire kjende lokalitetar for dvergålegras, forutan dei to som er nemnd her er det ein lokalitet på Leira på Huglo og ein i Strandebarm (i Kvam herad) (Lundberg, 2010).

## 5. Utfordringar og brukarinteresser

### 5.1. Vegetasjonsutvikling

Hystadmarkjo var tidlegare utmarksareal til garden Hystad, som truleg er ein av dei eldste gardane på Stord.

På slutten av 1800-talet var det lite skog i Hystadmarkjo, men der var noko olderskog. Noko meir skog vaks fram utover 1900-talet, men mesteparten av denne vart fjerna under 2. verdskrig (Lundberg 2005).

Hystadmarkjo var fram til 1930-talet nytta til husdyrbeite, sjølv om det sump- og myraktige området ikkje vart rekna for å ha særleg kvalitsbeite. Beitepresset er nok likevel årsaka til at det ikkje utvikla seg særleg skog i området på den tida. Skogen som er i Hystadmarkjo i dag har delvis vaks fram for 60 til 110 år sida, medan delar av skogen også er yngre enn dette (Lundberg 2005).

### 5.2. Ferdsle og friluftsliv

Hystad naturreservat og området ikking er statleg sikra friluftsområde, som vert skjøtta av Friluftsrådet vest. Området er tilrettelagd med parkeringsplass både i nord og sør, og med toalett (Friluftsrådet Vest). Det er fleire populære badeplassar i friluftsområdet, med unnatak av Mjelkevikjo ligg desse utafor vernegrensene.



Tursti i Hystadmarka

Det er tilrettelagd grusveg gjennom friluftsområdet, delar av denne vegen går inni naturreservatet. Verneforskrifta pkt. V 3. gjev at vernet ikkje skal vere til hinder for framføring av denne vegen i samsvar med vedtatt reguleringsplan.

Vegen vart teken i bruk i 1992. Turvegen gjennom Hystadmarkjo er ein populær tursti for befolkninga på Stord. Sjølv om framføringa av vegen har bidrige til auka ferdsle i reservatet bidreg den også til kanalisering av ferdsla og på den måten til å hindre at skogbotn vert nedtrakka.

Før grusstien kom i reservatet førte ferdsla til reduksjon av biodiversiteten i dei aktuelle områda og til auka erosjon av jordsmonnet. Totalt sett har slitasjen i reservatet vorte redusert etter at vegen vart opna (Lundberg, 2005).

Stien gjennom reservatet kan nyttast som del av ei rundløyve, dersom ein også nyttar gangveg langs fylkesvegen. Mange turgårarar på Stord ynskjer seg ei kortare rundløype, der større del går gjennom skogen. Dette er sannsynlegvis årsaka til at det dei

siste 10-15 åra har vorte etablert eit "tråkk" langs Varhaugslio på vestsida av reservatet. Denne nye stien fører til same utfordringane her som ein hadde før grusstien aust i reservatet vart etablert. Fleire følsome artar har hatt sterk tilbakegang grunna trakk og slitasje, dette gjeld m.a. artar som skogbingel (*Mercurialis perennis*), vårmarihand (*Orchis mascula*) og fleire moseartar (Lundberg, pers. med. jan 2011).

### 5.3. Framande artar

I naturreservatet veks store mengder platanlønn (*Acer pseudoplatanus*), samt nokre grantrer (*Picea abies*).



Platanlønna er ein framand art i Noreg, og finnes på den norske svartelista (Gederaas m.fl. 2007) . Platanlønna vart truleg introdusert i Noreg for over 250 år sida. På garden Hystad finn me to store tuntre av platanlønn, desse er truleg over 150 år gamle. Også ved fleire andre gardar i nærleiken er det planta platanlønn. Arten har spreidd seg til Hystadmarkjo, der det eldste registrerte eksemplaret av arten er vel 70 år. Truleg har beite gjort at arten ikkje fekk etablert seg i området tidlegare (Lundberg, 2005).

Platanlønn. Foto: Egil Hauge

Erfaringar frå svartorreservat i Møre og Romsdal syner at platanlønn kan verte dominerande dersom arten får spreie seg fritt (Michaelsen m.fl. 2010). Kor vidt platanlønna er eit trugsmål mot verneverdiane i Hystad naturreservat er det delte meiningar om.

Moe (1995) hevdar at platanlønna er i sterkt ekspansjon i Hystad naturreservat, og at tiltak må setjast i verk for å unngå vidare spreieing av arten. Lundberg (2005) har gjennom fleire års undersøkingar sett på m.a. platanlønna si utbreiing i Hystadmarka, og ikkje registrert meir enn 15 vaksne individ av arten. Han meinar det ikkje er dekning for å påstå at platanlønna er eit trugsmål for verneføremålet.

I 1996 og 1998 vart det gjort forsøk på fjerning av platanlønn i Hystadmarka. Ei rekke ungplanter vart skjert nær bakken, og på større trær vart det fjerna bark og påført round- up på såra i barken. Tiltak på dei større trærna hadde ingen, eller særslita effekt. På yngre trea som vart kutta vaks det opp ei rekke nye skot for kvar plante som hadde vorte skjert (Lundberg, 2010b). Dersom nye tiltak for å redusere platanlønn skal setjast i verk i Hystadmarkjo, må det gjerast ei grundig vurdering av metode i forkant.

### 5.4. Kulturminne

Den største samlinga av førhistoriske gravminne i Stord kommune finn ein i og ved Hystadmarkjo, med 14 steinrøyser og 2 steinringar frå perioden bronsealder til vikingtid. Nokre av gravrøyssene har vorte nytta fleire ganger. I ei av dei er det funne fem steinkister frå bronsealderen. Områda gravhaugane ligg på var opphavelig øyar, men er no høgdedrag i landskapet (grunna landhevinga etter førre istid). Det er 3 gravminne og eit gravfelt innafor grensene til naturreservatet (Lundberg 2005, Brekke (red) 1993).

Av meir kjende kulturminne frå nyare tid finn me m.a. kolerakyrkjegarden på Tyneset frå 1849. Denne ligg like utafor reservatgrensa. Kolerakyrkjegården vart oppretta i samband med koleraepedemien i 1849. Folk trudde at kolera kunne smitte også etter at dei døde var kome i jorda, derfor laga dei gravstadar på avsidesliggende plassar. At ein slik gravplass vart lagt her kan me tolke

som at dette området ikkje vart rekna av det mest verdifulle arealet i området (Lundberg 2005, Brekke (red) 1993).

Hystadmarkjo er eit viktig område i kulturminnesamanheng, og det er viktig å ta vare på og ta omsyn

til kulturminna i området. Fylkeskommunen har ansvar for forvaltning og skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Det eksisterar per i dag ingen skjøtselsplan for kulturminna på Hystad. Likevel kan det verte aktuelt med skjøtsel på og rundt kulturminna også innanfor naturreservatet i nær framtid.

Skjøtsel av gravrøysene i reservatet vil neppe vere i noko konflikt med verneverdiane. For dei gravrøysene som ligg nær turstien kan ein også leggje til rette for at dei skal verte tilgjengeleg for publikum. Når det gjeld gravrøysene lenger inne i reservatet er det ikkje ynskjeleg med tiltak som kan føre til auka ferdsel utanom dei stiane som eksisterar i dag.



*Kolerakyrkjegården – minnestein for dei som døyde av kolera i Stord sokn 09.02. – 05.03.1849*

## 6. Mål for Hystad naturreservat

### 6.1. Verneføremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på ein usedvanleg godt utvikla, stor, variert svartolder-sumpskog med stor verdi for undervisning og forsking, jf. verneforskrifta.

Svartolder- strandskogen på Hystad er den største ein kjenner til på kysten av Vestlandet (Fylkesmannen i Hordaland, 1980).

### 6.2. Naturkvalitetar

Naturkvalitetane er definert av dei artane eller naturtypane som dominerer eit område, og som gjerne er bakgrunnen for at området vart verna. Svartolder- sumpskogen på Hystad er unik for regionen. Ved fri utvikling og naturleg suksesjon vil skogen gje ytterlegare verdiar både for oppleveling og for forsking.

#### Naturkvalitetar

- Edellauvskog med dominans av svartor og innslag av alm.
- Brakkvasspoll med kombinasjon av ferskvass-, brakkvass- og saltvassplanter.
- Del av større samanhengande strandsump
- Eit unikt område for rekreasjon og naturopplevingar.

### 6.3. Forvaltningsmål

Forvaltningsmål er eit samleomgrep for alle målsetjingar knytt til eit verneområde. For Hystad naturreservat og Hystadmarkjo har ein verdiar både til ulike naturtypar og til skogen som arena for opplevelingar, forsking og undervisning. Liste over føreslalte tiltak knytt til forvaltning og overvaking er synt i vedlegg 7.

#### Svartorskogen

Svartorskogen i Hystadmarka er for ung til å ha oppnådd naturleg bestandsdymannikk med tanke på alderssjiktning og innslag av daude trer. Ein legg likevel naturtype "gammal edellauvskog" til grunn for utforming av mål for naturtypen.

Edellauvskogen dominert av svartor skal få utvikle seg naturleg, fritt for menneskelege inngrep. Unnataket er fjerning av framande artar og tilrettelegging for kanalisering av ferdsle gjennom reservatet. I reservatet skal ein kunne følgje den naturlege utviklinga til ein svartorskog, samtidig som skjøtselstiltak og overvaking av platanlønn kan gje kunnskap om bekjemping av platanlønn som framand art og arten si påverking på svartor.

### **Forvaltningsmål - svartorskog**

- Naturleg utvikling for svartorskogen
- Fjerne framande artar, som platanlønn og gran
- Overvake utviklinga av svartor
- Overvake spreiling av platanlønn og effekt av tiltak for å fjerne arten

### **Strandeng og strandsump**

Sumpområdet Straumen skal utvikle seg fritt og haldast fritt for framande artar. Tiltak for å unngå ureining og at søppel kjem inn i området må halde fram, elles skal den delen av reservatet utvikle seg utan inngrep.

Mesteparten av naturtypen strandeng i området ligg utafor grensa til naturreservatet. Det er likevel naturleg å sjå dette i samanheng med reservatet, og ein set som mål å også halde desse områda i størst mogeleg grad frie for ureining og forsøpling.

### **Forvaltningsmål - strandsump**

- Naturleg utvikling av plantesamfunnet, utan påverknad av framande artar
- Levestad for naturleg førekommende raudlisteartar
- Overvake den hydrologiske utviklinga

### **Friluftsliv**

I tillegg til å vere eit viktig naturvernområde er Hystadmarkjo også ein del av eit viktig tur- og rekreasjonsområde. Så lenge det ikkje strid mot dei verna naturverdiane ynskjer me å oppretthalde Hystadmarkjo som ein skog for naturopplevingar for lokalbefolking og tilreisande.

### **Forvaltningsmål - friluftsliv**

- Området skal vere tilgjengeleg for friluftsliv utan å gå på bekosting av dei biologiske kvalitetane

Verneforskrifta gjev at vernet ikkje skal vere til hinder for framføring av turstien gjennom reservatet, men vedlikehald av stien er ikkje omhandla av forskrifta. Ein legg til grunn at intensjonen er å ivareta denne stien med tilsvarande standard som då den vart etablert, og at denne skal ha tilstrekkeleg standard til å behalde sin funksjon med å kanalisere ferdsla gjennom reservatet.

Det er Friluftsrådet vest som har fått ansvar av vedlikehald av turstien gjennom Hystadmarkjo, inkludert dei delane som ligg innafor reservatgrensene. Friluftsrådet legg stor vekt på universell

utforming og tilrettelegging av turområder. Forvaltningsmyndigheita stiller seg generelt positiv til universell tilrettelegging, og ser positivt på at stien utafor reservatet vert tilrettelagt slik. Imidlertid vurderar ein det dit at universell utforming av stien innafor reservatgrensa kjem inn under omgrepst standardheving. Ein ynskjer minst mogeleg tilrettelegging innafor reservatet, og føreset då at stien innafor reservatet ikkje skal ha høgare standard eller særleg avvik frå slik den vart etablert i utgangspunktet.

#### 6.4. Bevaringsmål

Bevaringsmålet skal sei noko om kva tilstand ein ynskjer å oppnå for naturkvalitetane i reservatet. I Hystad naturreservat ynskjer me ei fri utvikling av svartorskogen, der framande planter får påverke utviklinga av skogen. Sjå vedlegg 6 for konkrete mål for bevaring.

##### Bevaringsmål - svartorskog

- Naturleg suksjon for svartorskogen
- Platanlønn skal ikkje påverke utviklinga av svartor i skogen
- Hindre spreiing av framande artar
- Redusere slitasje på skogbotn til eit minimum

##### Bevaringsmål - strandsump

- Oppretthalde arealet med strandsump/ strandeng
- Hindre spreiing av framande artar
- Unngå forsøpling
- Oppretthalde hydrologisk tilstand

#### 6.5. Forvaltning av randområda

Eit område som Hystad naturreservat er sårbart for påverknad utafrå. Samtidig er det også områder like utafor reservatgrensa som inneheld viktige naturverdier.

Platanlønna har spreidd seg til reservata frå områda utanfor. Stord kommune bør setje i verk tiltak for å fjerne platanlønn også på området som grensar til naturreservatet.

Lokaliteten for dvergålegras i Mjelkevikjo ligg like utafor reservatet. Tiltak på lokaliteten vil skje som ei oppfølging av verneplan for dvergålegras. Tiltak for å bevare dvergålegraset vil ikkje påverke naturverdiane innafor reservatet, det er ingen konflikt mellom dvergålegras og svartor. Det vert



*Stengsle for søppel i bekken mellom Valevågen og Straumen.*

føreslått å justere vernegrensa slik at lokaliteten for dvergålegras i Mjelkevikjo vert inkludert i reservatet.

Straumen får tilført saltvatn ved flo sjø via ein bekk som renn ut i Valevågen, som ligg utafor reservatet. Vestsida av Valevågen er regulert til industriområde. Det er viktig å unngå at ureining kjem inn i vika her og vert ført inn i Straumen. I bekken mellom Valevågen og Straumen er det sett opp sperring slik at minimalt med søppel finn vegen inn til Straumen. Friluftsrådet arrangerar søppelrydding langs heile strandsona i Hystadmarkjo, og gjev dermed eit viktig bidrag til å halde både reservatet og friluftsområdet utafor meir trivelig og fritt for søppel.

Hystadmarkjo er populært som friluftsområde. Utafor reservatet ligg m.a. fleire tilrettelagde badeplassar. Bruk av desse fører ikkje i seg sjølv til problem i høve reservatet.

Det ligg fleire kulturminne både i og kring reservatet, m.a. kolerakyrkjegården. Skjøtsel og forvaltning av desse har ingen konflikt med verneføremålet og skjøtsel av reservatet.

## 7. Forvaltningsoppgåver og tiltak

### 7.1. Skjøtsel

#### Gran

Det står nokre titals granar innafor reservatgrensene. Nokre av desse er tydelig prega av hjorteskadar, og nokre av dei har allereie rotna og knekt. Det står også nokre granar nær turstien lengre sør i reservatet, og eit par like utafor grensa. Gran er rekna som ein framand og uønska art i verneområdet. Det kan vere vanskelig å ta ut trea utan å skade skogen rundt, ein vil derfor vurdere å ringbarke desse.

#### Platanlønn

I og rundt naturreservatet er det store mengder platanlønn. Mykje av trea er yngre individ, men det førekjem også individ som har vakse opp og er frøbærande. Med unnatak av områder med tørr grunn der barskog eller lyng dominarar, og dei fuktigaste områda kring Straumen, finn ein platanlønn så godt som alle stadar i reservatet.

Ein kan dele førekomensten av platanlønn i to hovudområde. Ved Mjelkevikjo er det ein mindre førekomst av vaksne platanlønn. Dei vaksne trea her vart felt og fjerna frå reservatet i løpet av haust/vinter 2010. Den andre førekomsten har hovudutbreiing langs austsida av reservatet, ved Varhaugsuro. Her vil det vere vanskelig å felle og ta ut trea utan å gjøre stor skade på skogen rundt. Dei vaksne trea her vil derfor verte ringbarka, og få stå som død ved.

Når dei vaksne trea vert tatt ut/ døyr til det gje gode lysopninga for nye individ av platanlønn. Ungplanter må derfor fjernast før dei rekk å vekse opp og dominere.

### 7.2. Ferdsle og slitasje

Stien gjennom Hystadmarkjo er viktig for kanalisering av ferdsla. Det er ikkje ynskjeleg med noko høgare standard på turstien enn nødvendig, men det må vere tilstrekkelig standard til at folk heller vel stien enn å gå utanom. Målet er å halde standarden på stien innafor reservatgrensene på det nivået som har vore fram til no, medan stien utafor reservatet gjerne kan ha noko høgare standard. Det same gjeld bruene som er lagt over bekkane stien kryssar. Ved dagens standard ligg desse på same høgdenivå som stien, og har ein farge og utforming som gjer at dei glir godt inn i landskapet.

Det vil kunne vere nyttig å kartleggje kor mykje turstien i Hystadmarkjo vert brukt. For å gjøre det vil ein forsøkje å få satt opp ein ferdselsteljar ved ein av inngangane til turområdet.

Mange ynskjer seg utviding av vegen i Hystadmarkjo til ei rundløype. Det har dei seinare åra kome ein sti på vestsida av reservatet, denne vert gjerne bruk av dei som ikkje ynskjer å gå turen fram og tilbake. Det er ikkje aktuelt med ytterlegare framføring av sti inne i verneområdet. Ein vurderar derimot muligheta for å tilretteleggje vidare sti for rundløype i skogen utafor reservatgrensa. Dette kan vere eit positivt tiltak også for verneområdet, då det kan redusere slitasjen frå tråkk langs

Varhaugslio vest i reservatet. Det bør følgjast nøyne med på bruk av denne stien, og effektane på vegetasjonen. I fyrste omgang bør ein vurdere informasjonstiltak, for å unngå at trakk og slitasje fører til varig reduksjon av naturverdiane. Dersom slitasjen ikkje vert redusert må andre tiltak vurderast.

### 7.3. Grensejustering

Stord kommune vil føreta vurdering av ein justering av vernegrensa for Hystad naturreservat. Eksisterande grense er synt i vedlegg 3, medan kommunen føreslår endring til slik grensa er synt i vedlegg 4. Føreslått endring betyr at vernegrensa vil gå tvers over Mjelkevikjo, i staden for langs land slik den gjer i dag. Det er Direktoratet for Naturforvaltning som er eigar av det aktuelle området.

Området i Mjelkevikjo er del av eit større samanhengande strandsumpområde, sannsynlegvis det største i Hordaland. Ved å ta med Mjelkevikjo i verneområdet vil ein sikre førekomensten av dvergålegras som veks der. Dette er ein av 4 kjende førekomstar i Noreg, av arten som er lista som sterkt truga i den norske raudlista.

### 7.4. Kulturminne

Hystadmarkjo er i tillegg til eit viktig naturområde også eit unikt område med tanke på kulturminne. Kulturminna innafør reservatet er i ferd med å verte overgrodd, og vil med tida ha behov for skjøtsel. Ved uttak av platanlønn og anna skjøtsel i reservatet er det viktig å ta omsyn til kulturminna, og at ikkje tiltaka får negative konsekvensar for dei. Samtidig kan det vere aktuelt å fjerne vegetasjon på og rundt kulturminna for å bevare dei. For kulturminna som ligg langs turstien vert det òg vurdert å tilrettelegge for å gjøre kulturminna meir synlege for publikum. Forvaltning og skjøtsel av kulturminna er Fylkeskommunen sitt ansvar.

### 7.5. Overvaking og tilsyn

#### Forvaltningsmyndigheita

Stord kommune skal sjå til at alle brot på vernebestemmingane vert rapportert/meldt til politiet. Kommunen har også ansvar for nødvendig merking, vedlikehald av merking og andre informasjonstiltak knytt til verneområdet.

#### Statens naturopsyn

Statens naturopsyn (SNO) utfører det praktiske oppsynsarbeidet i reservatet. SNO utfører også informasjonsarbeid og skjøtselstiltak i samarbeid med kommunen.

## 8. Sakshandsaming



### 8.1. Vernereglar

Reglar for Hystad naturreservat er gjeve i Forskrift om vern av Hystad naturreservat i Stord kommune, Hordaland (FOR 1984-11-23 nr 1929). All vegetasjon i reservatet er i utgangspunktet freda, men forskrifa opnar for sanking av bær og matsopp.

Forvaltningsstyremakta kan gjere unnatak frå vernereglane for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller særskilde tilhøve når det ikkje strid med fredingsføremålet.

Ev. ferdelsreglar for friluftsområde, og bestemmingar etter anna lovverk, kjem i tillegg til verneforskrifta.

### 8.2. Søknadsprosedyrar

Forvaltningsmynde for Hystad naturreservat vart frå mars 2003 lagt til Stord kommune. Det er kommunen sjølv som avgjer ev. søknadar om unnatak frå vernereglane, vedtak om unnatak frå vernereglane vert rekna som dispensasjonsvedtak. Dersom kommunen sjølv står som søker i ei sak vert denne handsama av Fylkesmannen i Hordaland. Løyve til skjøtselstiltak i regi av forvaltningsmyndet er heimla i naturmangfaldlova § 47, og krev ikkje søknad.

Vedtak etter verneforskrifta er enkeltvedtak jf. forvaltningslova, og har 3 vekers klagefrist for partar i saka. Direktoratet for naturforvalting er klageinstans for vedtak fatta av kommunen.

#### Generelle retningslinjer for sakshandsaming som gjeld Hystad naturreservat:

1. Det må søkerast skriftleg og alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Stord kommune. Slike søknadar vert handsama etter reglane i naturmangfaldlova § 48.
2. Verneforskriftene vil normalt ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert handsama etter anna lovverk.
3. Klage på vedtak gjort av kommunen skal handsamast etter reglane i forvaltningslova. Ein eventuell klage på eit vedtak skal derfor sendast Direktoratet for naturforvalting via Stord kommune. Kommunen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltningsstyremakta opprettheld sitt vedtak skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvalting for endeleg handsaming og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Fylkesmannen i Hordaland, Direktoratet for naturforvalting, Statens Naturoppsyn og Hordaland fylkeskommune.

## 9. Litteratur

Brekke, N.G (red). (1993): Kulturhistorisk vegbok Hordaland. Hordaland fylkeskommune

Direktoratet for naturforvaltning (2007): Kartlegging av naturtyper – Vedisetting av biologisk mangfold. DN- handbok 13, 2. utgave 2006 (oppdatert 2007)

Forskrift om vern for Hystad naturreservat i Stord kommune, Hordaland. FOR 1984-11-23 nr. 1929

Fremstad, E. (1997): Vegetasjonstyper i Norge. NINA temahefte 12.

Fylkesmannen i Hordaland (1980): Utkast til verneplan for edellauvskog i Hordaland fylke

Færseth, R. B. og Solli, A. (1982): Husnes, Berggrunnsgeologisk kart 1214 IV – M 1:50 000. Norges geologiske undersøkelse.

Met.no (2010). Temperatur og nedbørnormalar for Stord i perioden 1961 – 1990.

[http://retro.met.no/observasjoner/hordaland/normaler\\_for\\_kommune\\_1221.html?kommuner](http://retro.met.no/observasjoner/hordaland/normaler_for_kommune_1221.html?kommuner)

Friluftsrådet Vest (2010). Friluftsområde – Hystadmarkjo.

[http://www.frluftsradetvest.no/dsp\\_artikkel.cfm?Level1\\_id=26837&Level2\\_id=36418&Level3\\_id=42238&type=0](http://www.frluftsradetvest.no/dsp_artikkel.cfm?Level1_id=26837&Level2_id=36418&Level3_id=42238&type=0)

Kålås, J.A., Viken, Å. Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red) (2010). Norsk rødliste for arter 2010.

Artsdatabanken

Lundberg, A. (2010). Handlingsplan for dvergålegras *Zostera noltei*. DN- rapport 2010-1.

Lundberg, A. (2010b). Conflikts between Perception and reality in the management of alien species in forest ecosystems: A Norwegian case study, landskape research, 35: 319 – 338.

Lundberg, A. (2005): Landskap, vegetasjon og menneske gjennom 400 år – naturmiljø, arealbruk, slitasje og skog i Hystadmarkjo, Stord. Fagbokforlaget.

Lundberg , A. (1992): Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN- rapport 1992-2.

Moe, B. (1995): Vernet edelløvskog i Hordaland; tilstand, fastruteanalyser, floraoversikt og skjøtselsbehov 20 år etter registreringene. MVA- rapport nr. 5/95. Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga

Gederaas, L., Salvesen, I. og Viken, Å. (red) 2007. Norsk svarteliste 2007 – Økologiske risikovurderinger av fremmede arter.

Michaelsen, T.C., Røsberg, T.A. og Grimstad, K.J. 2010. Ringbarking av platanlønn i Sulesund naturreservat, Sula kommune, Møre og Romsdal. Michaelsen Biometrika, notat 1/2010.

## **10. Vedlegg**

1. Verneforskrift
2. Oversiktskart
3. Vernegrense (eksisterande), og friluftsområde
4. Vernegrense (etter føreslått endring)
5. Flyfoto
6. Bevaringsmål
7. Tiltak
8. Vegetasjonskart
9. Reguleringsplan Aslaksvikjo - Melkevikjo

## Vedlegg 1 - Verneforskrift

### Forskrift om vern for Hystad naturreservat i Stord kommune, Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. av 23. november 1984. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit edellauvskogområde ved Leirvik i Stord kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 23. november 1984 under namnet Hystad naturreservat.

#### II

Det freda området omfatter delar av følgjande gnr./bnr.: 26/10, 26/34, 26/77, 26/306, 26/307 og 26/346.

Det freda arealet er omlag 200 dekar.

Grensene for naturreservatet er teikna inn på kart i målestokk 1:5.000, dagsett Miljøverndepartementet oktober 1984. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i Stord kommune, hjå fylkesmannen i Hordaland og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast opp i marka etter nærmare tilvisning frå forvalningsstyresmakta. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet med fredinga er å ta vare på ein usedvanleg godt utvikla, stor, variert svartoldersumpskog med stor verdi for undervisning og forskning.

#### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon, også daude busker og tre, er freda mot all slags skade og øydelegging, utover det som følger av tillate ferdsel eller tiltak i medhald av punkta V-VII.

Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet.

Nye plantearter må ikkje innførast.

2. For dyrelivet gjeld viltlova si reglar og forskrifter.

3. Det må ikkje setjast iverk tiltak som kan endre dei naturgitte forholda, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båt, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførsler, attlegging av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.

4. Motorisert ferdsle er forbode.

#### V

Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:

1.Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.

2.Sanking av bær og matsopp.

3.Framføring av gang- og sykkelveg frå Apolvikjo til Tynesvikjo i samsvar med stadfesta reguleringsplan.

## **VI**

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta avgjer, kan gjennomføra skjøtselstiltak for å fremje føremålet med fredinga. Det kan utarbeidast skjøtselsplan som skal gje nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## **VII**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredingsreglane for vitenskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

## **VIII**


Forvaltninga av fredingsreglane er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## **IX**


Den makt Kongen har etter §§ 6 og 10 til å fastsetje nærmare reglar om områda og skjøtselen av dei, etter § 21 om merking av fredingar m.m., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 om å gjere unnatak frå fredingsreglane, vert for desse områda overført til Miljøverndepartementet.

## **X**

Denne forskrift trer i kraft straks.









## Vedlegg 6 - Bevaringsmål

### Gammal edellauvskog

Føresetnad for god bevaringsstatus er at skogtypen går mot, eller har oppnådd ein naturleg tilstand, med alderssamansetjing, dødvedstatus, skogdynamikk og førekomst av dei artar som naturleg tilhører skogen. Svartorskogen i Hystadmarka er for ung til å ha oppnådd noko særleg alderssjiktning eller førekomst av død ved. Bevaringsmåla for gammal edellauvskog er likevel relevante for dei tilstandane ein ynskjer at skogen i Hystadmarka skal utvikle seg mot.

Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tilst.klasse	Metode	Tiltak	Merknad
Tresjikt-suksesjonstilstand	Skal indikere gammal skog eller være yngre skog som resultat av naturleg forynging	Dårlig		Naturleg utvikling	Skogen ikkje gammal nok
Død ved	Død ved skal utviklast gjennom naturleg dynamikk	Dårlig		Naturleg utvikling	Skogen ikkje gammal nok
Innslag av framande artar	Ingen førekomst	Dårlig	Registrering på synfaring % dekning av prøveflater registrert kvart 5. år		
Drenering	Hydrologi i området skal vere naturleg stabil og ikkje påverkast negativt av tiltak i/ utanfor området.	God	Befaring		Fare for ureining frå industri og båthamn.
Slitasje og slitasjebetinga erosjon	Ubetydeleg slitasje	Middels	Befaring	Kanalisering	Slitasje på enkelte område

## Strandeng -strandsump

Mål for fjærresone – skogsmark er lagt til grunn for utarbeiding av bevaringsmål for denne naturtypen. For sumpområdet Straumen vert skogareala rundt, med m.a. svartor, halde utafor her då desse vert omhandla av eigne bevaringsmål. Det er angjeve som føresetnad for god bevaring at naturtypen naturleg kan utvikle seg til nye områder slik at totalt areal ikkje vert redusert ved attgroing eller landheving. Det er ikkje ein realistisk muligkeit innafor naturreservatet. Det vert derfor i større grad fokusert på naturleg utvikling for dei areala med sump/ strandsump som er i dag med tanke på vasskvalitet, drenering og hindring av at framande artar får etablere seg.

Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Tilst.klasse	Metode	Tiltak	Merknad
Areal	Oppretthalde arealet med strandeng/ strandsump	God	Måling frå flyfoto	Naturleg utvikling	Ingen aktuelle tiltak. Området vil sannsynleg gro att over tid.
Framande artar	Ingen førekommst	God	Synfaring	Overvaking	Fjerne ev. innslag av framande artrar
Drenering	Hydrologi i området skal vere naturleg stabil og ikkje påverkast negativt av tiltak i/ utanfor området.	God	Synfaring	Ingen	
Forsøpling	Lause framande gjenstandar skal ikkje førekome i området. Ev. faste, framande gjenstandar skal ikkje auke i omfang og om mulig fjernast.	Middels	Synfaring	Hindre at søppel kjem inn i Straumen, fjerne søppel i strandsona.	Forsøpling og uteining, særleg frå industriområde og båthamn, kan førekomme.

## Vedlegg 7 - Tiltak

SK – Stord kommune

SNO – Statens naturopsyn

FM – Fylkesmannen i Hordaland


FRV – Friluftsrådet vest

HFK – Hordaland Fylkeskommune

DN – Direktoratet for naturforvaltning

Planlagde tiltak	Tid	Ansvar	Gjennomføring	Merknad
<b>Skjøtsel</b>				
Fjerning av platanlønn i Mjelkevika	2010	SK	SK	Utført
Ringbarking av gran, ringbarking av platanlønn	2011 - 2012	SK	SK/SNO	Fjerning av platanlønn utafor reservatet må vurderast
Overvake spreiling av platanlønn	2012 -	SK/FM		
Fjerne nye individ av platanlønn som veks opp	2012	SK	SK/SNO	Nye individ vil kome så lenge det er frøplanter i nærleiken av reservatet
Undersøkje lavflora på platanlønn før fjerning	2011	FM		
<b>Overvaking av bevaringsmål</b>				
Overvake utvikling av svartorbestanden		SK/FM		
Registrere ev. endringar i floraen i Straumen	Kvart 5. år	SK		
Etablere rutenett for fjerning og overvaking av platanlønn	2011	SK/FM		
<b>Friluftsliv, informasjon, skilting mm</b>				
Vedlikehald av eksisterande grusti	2011 / behov	SK	FRV	Utføres av FRV i samråd med SK
Oppsyn med verneskilt, infotavler m.m.	Årleg	SNO	SNO	
Oppdatering av infotavler	2010	FRV	FRV	
Informasjon på miljøstatus.no/Stord	2011	SK	SK	
Ferdselsteljar	2011	SK		
Vurdere mulighet for rundløype	2012	SK/FRV		Ev. ny sti vil gå utafor reservatet
Registrere brukargrupper	2011	SK	SK/SNO	
Skjøtsel av kulturminne	Ved behov	HFK		Søkje samordning med andre skjøtselstiltak
Justering av vernegrense	2011	SK	DN	Vert vurdert i samband med høyring av planen

## Vedlegg 8 - Vegetasjonskart



Vegetasjonskart anno 1994 (Lundberg 2005)

